



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Beate Helland, 5557 2215

Vår dato  
25.02.2016  
Dykkar dato  
«REFDATO»

Vår referanse  
2016/1289 730  
Dykkar referanse  
«REF»

Kommunane i Hordaland  
Hordaland fylkeskommune

### Kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskot 2016

**Tilskot til kompetanseheving og innovasjon for å stimulere kommunane til å møte framtidens utfordringar på helse- og omsorgsfeltet med bærekraftige og gode tiltak og tenester. Utfordringsbiletet slik det står i Meld St 29(2012-2013) Morgendagens omsorg kap 1.2.2 gjev overordna føringar for tilskotsordninga. Kommunar kan søkje om midlar til kompetanseutvikling, opplæringstilskot knytta til brukarstyrt personleg assistanse og innovasjonsprosjekt.**

**Søknadsfrist: 18.april 2016**

**Kven som kan søkje:** Kommunar og Fylkeskommunar

Kommunar kan gjerne søkje i samarbeid med andre kommunar, helseføretak, næringsliv, frivillig sektor eller andre aktørar.

**Beløp som skal fordelast i Hordaland:** Kr 34 596 200,-

Statsbudsjettreferanse: kapittel 761, post 68, Helse- og omsorgsdepartementet

#### Målet for ordninga

Hovudmål:

Stimulere kommunane til kompetanseutvikling og innovasjon for å møte framtidens utfordringar på helse og omsorgsfeltet med bærekraftige og gode tiltak og tenester.

Delmål:

- sterkare brukarinnverknad og betre samspel med pårørande, frivillige og lokalsamfunnet
- førebyggje og utsetje behov for kompensierende tenester og bidra til at brukarane opprettheld eller gjenvinn sin funksjonsevne og sjølvstende
- styrka leiarkompetanse, fagutvikling, større fagleg breidd, tilstrekkeleg, kompetent og stabil bemanning
- etisk refleksjon og kunnskapsbasert praksis

#### Målgruppe

Primærmålgruppa er brukarar av dei kommunale helse- og omsorgstenestene og deira pårørande.

Sekundærmålgruppe er leiarar, tilsette og personar som kan rekrutterast til å jobbe i helse- og omsorgstenesta.

## **Tildelingskriterier og prioriteringar for ordninga:**

Følgjande søknader skal prioriterast:

- Fullføring av tiltak som har fått tilskott tidligare og som ikkje er avslutta innan velferdsteknologi
- Grunn- vidare og etterutdanning, her under opplæringstiltak for å styrkje helse- og kompetanse om rus og psykisk helse.

Det er ei overgangsordning for studentar som har begynte på vidareutdanning i psykisk helsearbeid, rusproblematikk eller tverrfagleg vidareutdanning i psykososialt arbeid med barn og unge i 2014 og 2015. Frå 2016 inngår desse tiltaka i den samla innsats for å styrke kompetansen i den kommunale helse og omsorgstenesta, jf. Kompetanseløft 2020, (Prop. 1 s 2016 kap. 10). Ved utmåling av tilskott for 2016 og vårsemester 2017 gjeld same regler som blei nytta i 2015 (inkl. reisetilskot).

- Opplæring knytta til BPA med følgjande prioriteringsrekkefølge:
  1. Opplæringstilskot for nye og etablerte brukarar/arbeidsleiarar
  2. Opplæringstilskot for kommunane sine saksbehandlarar
  3. Opplæringstilskot for assistentar
- Nye innovasjons- og kompetansetiltak. Innanfor innovasjon skal det prioriterast middel til nye tiltak og metodar som kan støtte opp under:
  - førebygging, tidleg innsats og eigenmeistring
  - fritidsaktivitet med assistanse,
  - kulturopplevingar
  - ernæring
  - legemiddelhandtering
  - rehabilitering og habilitering, her også kvardagsrehabilitering
  - samspel med pårørande og frivillige i omsorgssektoren generelt og i demensomsorga spesielt
  - andre nyskapande løysingar som er viktige for brukarane av dei kommunale helse- og omsorgstenestane, førebygging, tidleg innsats og eigenmeistring, habilitering og rehabilitering
  - velferdsteknologiske løysingar
  - fysisk, sosial og kulturell aktivitet og deltaking
  - andre nyskapande løysingar av stor betydning for brukarane av dei kommunale helse- og omsorgstenestene.

Tiltak som har innovasjonsfellesskap med næringsliv og/eller utdannings- og forskingsinstitusjonar skal ha eit fortrinn.

Alle søknader vil bli vurdert ut frå nokre generelle tildelingskriterier. I tillegg blir søknader innanfor kategoriane kompetanseutvikling, BPA vurdert ut frå særskilte tildelingskriterier. Sjå regelverket for nærare detaljar om tildelingskriteria.

Innovasjons- og kompetansetilskotet skal sjåast i samanheng med Kommunal- og moderniseringsdepartementets skjønnsstilskot, som også kan brukast til kommunal innovasjon og utvikling.

## Andre opplysningar

Det blir som hovudregel lagt til grunn ein kommunal eigenandel. Dersom kommunen tar mot andre statlege tilskot der det er lagt inn ein føresetnad om kommunal eigenandel, skal tilskotsmidlane ikkje brukast til å dekkje denne kostnaden.

Resultata av innovasjonsprosjekta skal dokumenterast og fylkesmannen skal gjere ei vurdering av i kva grad prosjekta har overføringsverdi til andre kommunar. Fylkesmannen skal vidareformidle resultata frå prosjekta til andre kommunar og stimulere til læring og erfaringsutveksling.

## Korleis søkje

Søknad skal fylles ut i vedlagte søknadsskjema:

- 1) Skjema «Søknad om tilskot til kompetanse og innovasjon på statsbudsjettets kapittel 0761 post 68» skal nyttas av alle som søker om tilskott.
- 2) Excel-skjema «Søknad om kompetanse og innovasjonstilskot» skal nyttas av alle, med unntak av dei som evt. berre søker om tilskot til løn til psykisk helsearbeid.
- 3) Grønt og blått excel-skjema skal nyttas av dei som søker om tilskott til løn til psykisk helsearbeid.
- 4) Dersom det vert søkt om tilskott til fleire innovasjonsprosjekt, så ber vi om at desse vert nummerert og om at det vert laga ei prosjektbeskriving for kvart prosjekt ( Jf. pkt 3 i søknadsskjema nevnt i pkt1)
- 5) Ved søknad om kompetansetilskot ber vi om å få tilsendt kompetanseplan. Ved søknad om BPA ber vi om å få tilsendt opplæringsplan

Søknaden blir å sende elektronisk til Fylkesmannen si postadresse:

[fmhpostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhpostmottak@fylkesmannen.no)

## Rapportering på mottatt tilskot

Det blir opplyst i tilskotsbrevet om rapporteringsfrist og krav til rapportering for eventuelt tilskot ein får i 2016.

Les meir i regelverket [Regelverk Kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskudd 2016](#)

## Kontaktpersonar hos Fylkesmannen

- Åshild Gjellestad, tlf. 55572210 [fmhoagi@fylkesmannen.no](mailto:fmhoagi@fylkesmannen.no)
- Marta Havre, tlf. 55572211 [fmhomhv@fylkesmannen.no](mailto:fmhomhv@fylkesmannen.no)
- Beate Helland, tlf. 55572215 [fmhobeh@fylkesmannen.no](mailto:fmhobeh@fylkesmannen.no)
- Mona Fauskanger, tlf. 55572203 [fmhomfa@fylkesmannen.no](mailto:fmhomfa@fylkesmannen.no)

Med helsing

Sjur Lehmann  
ass. fylkeslege/seksjonsleiar helse

Beate Helland  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg:

Skjema «Søknad om tilskot til kompetanse og innovasjon på statsbudsjettets kapittel 0761 post 68»

Excel-skjema « Søknad om kompetanse og innovasjonstilskot»

Excel-skjema - tilskott til løn til psykisk helsearbeid

Regelverk